

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 26.04.2007 **Tid:** 17.00 – 20.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste).

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl.1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Vidar Rolland

I staden møtte:

Nils Arne Teige

Andre som var tilstade på møtet: Teknisk leiar Sverresvold informasjon om ny barnehage på Gjerde, Kommunekasserar Eikestad, Ass.adm.sjef og Adm.sjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27.04.2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Brigt Olav Gåsadal og Audhild Aadland Olsnes og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:**Vanskar for småkraftverka i Samnanger**

Sigmund Dyrhovden orienterte om at Samnanger har lansert seg som småkraftkommune og det er eit potensiale i kommunen til å byggje ut vesentleg meir. Han la fram følgjande uttale og bad kommunen slutte seg til den: ”Samnanger er i ferd med å etablera seg som ein småkraftkommune. Men nye småkraftprosjekt møter vanskar med at kapasiteten til nettet/nettstasjonane i Samnanger er for liten i dei såkalla høglastperiodane. Dette vil føra til avgrensingar i produksjonen til småkraftverka i Samanger i desse periodane. Dermed kan nye utbyggingar lett verta for lite lønsame.

Dette problemet må løysast, og Samnanger kommune vil drøfta det med BKK som har det overordna ansvaret for energiplanlegging i Samnanger”

Kommunestyret slutta seg uttalen.

Bilkjøp i innkjøpsavtalen

Sture Tveit stilte spørsmål om kjøp av bilar gjennom kommunen sin innkjøpsavtale gir opning for at kommunalt tilsette kan få rabattar ved kjøp av privat bil hjå desse leverandørane, og han meinte at dette er i strid med kommunen sitt etiske reglement. Tveit stilte spørsmål om korleis kommunen praktiserar dette, og om det finnast andre liknande avtaler.

Adm.sjefen orienterte om at kommunen vel kva innkjøpsavtalar kommunen vil gå inn på. Sjølv om kommunen ikkje har inngått avtale om bilkjøp, vart det gitt opning for at tilsette kunne nytta ordninga med rabatt ved kjøp av privat bil. Kommunen har ikkje marknadsført dette, og det er heller ikkje kjend for administrasjonen at nokon har nytta seg av ei slik ordning.

Energi og klimaplan

Øyvind Røen orienterte om ønskje for ein energi og klimaplan for Samnanger kommune. Han ba om at kommunestyret slutta seg til følgjande uttale: ”Samnanger kommune set i gang arbeidet med ein energi- og klimaplan. Denne planen skal vera ferdig innan utgangen av 2007. Det vert sett saman ei gruppe som arbeidar med planen. I denne gruppa skal det vera tre medlemmer frå kommunestyret og representant(ar) frå administrasjonen. Det bør òg vera folk frå BKK og Samnanger Næringsforum med i gruppa.

Dei tre representantane frå kommunestyret vert valde i kommunestyremøte 12. juni.

Administrasjonen legg i samarbeid med dei tre kommunestyrepreressantane fram ei sak om oppstart av planarbeidet i det første kommunestyremøtet til hausten. Før dette møtet må det takast kontakt med BKK og Samnanger næringsforum for å be om eit samarbeid og med ønske om at desse organisasjonane peikar ut nokon til vera med i arbeidsgruppa.

I saka som vert lagt fram til hausten, må ein vurdera trongen for ekstern hjelp til å utarbeida planen og tilgangen på økonomisk stønad planen (Enova).”

Kommunestyret slutta seg til dette.

Fritak frå buplikta

John Magne Bogevik stilte spørsmål praktisering av fritak frå buplikta. Kva skjer når fritaksperioden er omme?

Adm.sjefen orienterte om at eigar som ønskjer å få forlenga perioden for fritak i god tid før innvilga periode er omme må søkja skriftleg om forlenging. Landbrukskontoret fører kontroll med at lova og vedtak vert fulgt opp. Naturutvalet er inne i desse sakene, m.a. var det oppe sak i sist møte der det var klage på at det kun var innvilga fritak for fem år. Lova set avgrensingar på 5 år for utsetjing av buplikta.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordførar orienterte om besøk hos Bente Kleivane Getz og hennar prosjekt på Tveit. Ho har fleire interessante planar, m.a. ønskjer å laga ostar, m.a. –"Samnanger kvit". Kommunestyret fekk prøvesmake på osten.

Budsjettkontroll pr. april var sendt ut på førehand. Adm.sjefen orienterte om kontrollen, og forklarte korleis ein må sjå på forbruksprosenten. For løn skal den normalt liggja på 37% .

Ordføraren bad om å få koma tilbake til uttale om : "Samnanger som rettviss kommune" i eit seinare møte. Kommunestyret slutta seg til dette.

Teknisk leiar Bjarne Sverresvold orienterte om at det innan fristen 25.04.07 var levert inn 3 anbod på bygging av ny barnehage. Kommunestyret fekk utdelt teikningar frå dei to anboda som er aktuelle. Kommunestyret bad byggjekomiteen ta omsyn til gode miljø- og vedlikehaldsløysingar.

Kommunestyret vert kalla inn til ekstraordinært møte den 24. eller 31. mai for å handsama denne saka – ny barnehage på Gjerde.

Ordførar orienterte om BUK sitt møte, deira framtidssyn – klima, høgfartsbana, breiband, tribunar på idrettsbana med meir.

Ordføraren orienterte om jubileumsveka i veke 24. Kommunestyret er vertskap på Grieg-konserten der det vert innbydd gjestar frå andre kommunar og kommunen sine samarbeidspartar.

Ordføraren oppmoda kommunestyrerepresentantar om å melda seg til ordføraren for å ta ansvar for kransenedlegging ved kyrkja den 17 mai.

M.a. som ei oppfølging av møte i Samnanger om ambulansetenesta med adm. dir for Helse Bergen var det kome i stand eit møte mellom leiinga for styret og leiinga ved Helse Bergen og alle kommunane. Møtet vart halde på Haukeland 25.04. Etter dette møtet vil Samnanger kommune motta ei avklaring for ambulansesituasjonen i kommunen.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0006/07	07/00145 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2006
0007/07	07/00053 ÅRSMELDING 2006.
0008/07	07/00150 BUDSJETTENDRINGAR 2007
0009/07	07/00150 SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007. BUDSJETT

0006/07

GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2006

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommunestyre godkjenner kommunerekneskapen for 2006 for Samnanger kommune slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen - kr. 3.468.197,32 vert sett av til disposisjonsfondet.

Handsaming i møte:

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande framlegg:” Overskot 2006.kr. 1.000.000 vert sett av til næringsfondet. Kr. 2.468.197,32 vert sett av på disposisjonsfond.”

Det vart røysta alternativt over framlegg til vedtak og Bogevik sitt framlegg. Bogevik sitt framlegg fekk 2 røyster og vart ikkje vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommunestyre godkjenner kommunerekneskapen for 2006 for Samnanger kommune slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen - kr. 3.468.197,32 vert sett av til disposisjonsfondet.

0007/07

ÅRSMELDING 2006.

Framlegg til vedtak::

Årsmeldinga for 2006 for Samnanger kommune vert teken til orientering.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Årsmeldinga for 2006 for Samnanger kommune vert teken til orientering.

0008/07

BUDSJETTENDRINGAR 2007

Framlegg til vedtak::

Knt. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert redusert med 3 millionar. Forventa reduksjon vert dekkja frå disposisjonsfondet 1.9002.8800.9400.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedtak.

Vedtak:

Knt. 1.1400.3200.8901 konsesjonskraft vert redusert med 3 millionar. Forventa reduksjon vert dekkja frå disposisjonsfondet 1.9002.8800.9400.

0009/07

SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007. BUDSJETT**Framlegg til vedtak::**

Det vert løyvd inntil kr. 100.000,- frå Disposisjonsfondet til 100-årsjubileet i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedtak.

Vedtak:

Det vert løyvd inntil kr. 100.000,- frå Disposisjonsfondet til 100-årsjubileet i Samnanger kommune.